

Høyringsuttale 202205918 Selselva kra verk – auka slukevne og regulering av Selsvatnet

Eg viser først til e-poster frå meg, Helge Kårstad og svar frå dykk, dei siste signert førstekonsulent Malin Solheim Olsen. Eg vil som sagt gjerne at denne informasjonen i e-postane frå meg kan leggjast ved saka. Takk for raske svar !

Eg vil også her få påpeike manglande informasjon frå tiltakshavar til meg, først som bruksretthavar i dette området og etter dommen i lagmannsretten eigar med eigedomsrett i deler av Selsvatnet og området på nord og austsida av Selsvatnet. Eg uttaler meg her på vegne av meg sjølv (gnr. 224, bnr. 3 i Bygstad) i denne høyringsuttalen. Eg meiner det er same oppfatning hos dei andre partane på «mi side», dvs. bruka på Kvamme, Bygstad og Kårstad når det gjeld prosessen kring bruksrettar og eigedomsrettar. Sjølv vil eg seie det så skarpt at ei slik åtferd frå tiltakshavar/ søkjar bør vi vel ikkje finne oss i, i våre dagar.

Merk spesielt e-post (nytta e-postadresse helge@kystskogbruket.no) frå meg:

07.nov. 2023.

23.nov. 2023.

02.apr. 2024.

19.apr. 2024.

Området er definert som eit regionalt viktig friluftsområde. Sjølve høg fjellsområdet i dette friluftsområdet kan definierast frå Lisjehesten via Storehesten/ Kvamshesten, Selsvatnet og mot Blegja. Merk at det største og vestlegaste fjellet har 2 namn. På folkemunne kalla Storehesten og på offisielle kart heiter det Kvamshesten. Dette området er bortsett frå ei dagsturhytte ved foten av Storehesten totalt urørt. Turtrafikken har vore aukande dei siste åra. Noko av grunnen til dette er den tilrettelegginga som har vore, også mykje fordi Indre Sunnfjord Turlag har merka stien til Storehesten/ Kvamshesten og Lisjehesten. Underteikna har vore engasjert i denne tilrettelegginga for ålmenta. Det gjeld også eit årvisst motbakkeløp som diverre ikkje har vore arrangert siste året, m.a. på grunn av mykje arbeid med denne saka.

Eg vil spesielt understreke at heile dette området er noko av «sjela» til folk i Sunnfjord. Eit inngrep som omsøkt i Selsvatnet vil etter det eg høyrer ikkje bli akseptert. Svært lite og sein informasjon frå tiltakshavar/ søkjar har ført til at først dei siste dagane har folk oppfatta kva som er i ferd med å skje.

Avisoppslag (m.a. Bergens Tidende), underskriftskampanjar og folkemøte står for tur. Det blir kort sagt ikkje akseptert av folk flest i regionen å regulere Selsvatnet ved Storehesten/ Kvamshesten- også eit skrekkens eksempel på ei «bit for bit» handling, opp mot høg fjellet.

Heile høg fjellsområdet i dette viktige friluftsområdet har i mange tiår vore kjent for sine devonavsetningar. Men den vidare kunnskapen om dette har nok generelt vore liten.

Samtidig har geologar frå universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim jamt vore på besøk, ofte med studentgrupper. Det er skrive mykje om geologien i området, det meste på engelsk.

Nyleg er høg fjellsområdet kring Selsvatnet innlemma i ein Geopark; Fjordkysten Regional – og Geopark. Før jul 2023 vart det søkt om UNESCO status for denne Geoparken, og venta svar vil føreliggje ved neste årsskifte. Styret i UNESCO vil besøkje Bygstad i juni månad dette året.

Geologar som står bak søknaden poengtera at nettopp dette høg fjellsområdet kring Selsvatnet har nasjonal og internasjonal interesse. Det er på mange måtar unikt i det geologiske miljøet. Etter det eg kjenner til er det av fagfolk venta at det vil bli gitt ein slik UNESCO status, gitt at

området er slik det ser ut i dag. Eit vedtak om kraftutbygging, bygging av ein 80 meter lang dam og regulering a Selsvatnet vil venteleg opplevast noko merkeleg av dei som skal ta stilling til UNESCO søknaden.

Selselva er drikkevasskjelde til mesteparten av Bygstad Sokn.

Det er ei tydeleg oppfatning i soknet at vasskvaliteten vart merkbart dårlegare etter at elvekraftverket Selselva Kraft vart etablert. Dette skjedde om lag samtidig med nedlegginga av Bygstad Meieri som stilte store krav til vasskvalitet. Folket i bygda miste både meieriet og drikkevatnet etter etableringa av dette første elvekraftverket, - blir det sagt.

Grunnen er at det i store deler av året er svært lite vatn i Selselva. Det er fordi det er relativt kort veg til topps i landskapet kring Selsvatnet, og vassmengdene blir store i nedbørrike periodar. Når det sluttar å regne, fell elva raskt tilbake til mindre og etter kvart liten vassføring. Saman med minstevassføringa og sigevatn frå myrområde langs elva, smakar vatnet svært dårleg (myr, jord og klor) i slike periodar. Ei oppdemming av Selsvatnet vil utvilsamt forsterke desse periodane og med det vasskvaliteten. Stadig fleire i soknet må kjøpe drikkevatn, blir det sagt.

Til slutt vil eg ta med at det er etablert ein villreinstamme i desse fjella. Sjølv har eg sett spor etter reinsdyr ved Selsvatnet dei siste åra, seinast no nyleg. Ei oppdemming med påfølgjande neddemming vil utvilsamt skape usikker is, og med det stor fare for at reinsdyr kan gå tapt.

Det er fleire ting eg kunne teke opp her, men eg ventar at også andre vil trekkje fram viktige tilhøve som konkludera med det same: **Avslå søknaden om ei regulering av Selsvatnet.**

19.04.24

Helge Kårstad

Kårstad 33

6977 Bygstad

Grunneigar i og ved Selsvatnet (Gnr. 224, bnr. 3)